



Alver Kommune  
Samferdsel, veg,- vatn,-og avløp,- forvaltning  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/7306 - 22/80173

Saksbehandlar:  
Mette Robertsen  
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:  
20.10.2022

## Oversender søknad til uttalelse - gbnr 324/4 Langeland

Tiltak: midlertidig lagertelt  
Byggjestad: Gbnr: 324/4  
Tiltakshavar: Randi Mjåtvedt  
Ansvarleg søkjar: Harris Advokatfirma As

Saka gjeld søknad om dispensasjon knytt til oppføring av midlertidig lagertelt på gbnr 324/4 på Langeland. Berekna areal på eigendomen er 193307,5 m<sup>2</sup>.

Tiltakshavar ynskjer å føra opp eit midlertidig lagertelt for å få plass til å lagra reiskapane som står i dagens reiskapshus, lokalisert langs med Sagstadvegen. Fylkeskommunen har ekspropriert arealet som reiskapshuset står på, og dette skal rivast grunna utbetring av veggen.

Lagerteltet er opplyst til å vere om lag 157,5 kvadratmeter, 10,5 meter i bredde, og 15 meter i lengde. Lagerteltet er om lag 3,5 meter høgt.

Det føreligg eigen søknad om oppføring av nytt reiskapshus på same eigendom. Det midlertidige lagerteltet skal plasserast like ved, og parallelt med reiskapshuset som tiltakshavar allereie har søkt om. Lagerteltet skal takast ned når det nye reiskapshuset står ferdig.

Grunnen lagerteltet skal stå på, må planerast før oppføring av tiltaket.


Tiltaket er nabovarsla. Det er ikkje kome inn merknader til saka.

### Planstatus

Arealet på eigendommen omfattast delvis av reguleringsplanen for Detaljregulering fv. 564 Frekhaugkrysset, inkl. utbetring av fv. 244 plan ID nr. 1256\_20170003, og dels av kommuneplan for Meland plan ID nr. 1256\_20190001.


Tiltaket ligg i uregulert område, og er omfatta av kommuneplanen. Arealet er definert som LNF - område.

### Tiltak




Rivast

### Situasjonskart



### Bilete av eiendomen



### Plankart



### Regulert føresegnområde



## VURDERING

Det må vurderast om tiltaket krev handsaming etter jordlova.

## Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå LNF- område for oppføring av midlertidig lagertelt og terrengingrep/ planering av grunn.

**Andre tilhøve**

Tiltakshavar v. ansvarleg søkjar skal søkja Alver kommune avd. Samferdsel veg,- vatn,- og avløp forvaltning med omsyn til avkøyringsløyve.

**Frist**

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennlig helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Mette Robertsen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett - gbnr 324/4 Langeland  
Følgebrev  
Tegninger  
Situasjonskart

**Kopi til:**

Harris Advokatfirma As	Postboks 4115 Sandviken	5835	BERGEN
Randi Mjåtvedt	Sagstadvegen 39	5919	FREKHAUG
Tore Mjåtvedt	Sagstadvegen 39	5919	FREKHAUG

**Mottakarar:**

Alver Kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Alver Kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Statens vegvesen	Hunderfossen	2625	Fåberg
Statsforvaltaren I Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
Vestland Fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen